

Kr 30,00

NR. 2 1995
36. ÅRGANG

SPRÅKLIK SAMLING

GITT UT AV

LANDSLAGET
FOR
SPRÅKLIK
SAMLING

SALG'S INNSPURT FOR STATSLØNA
MÅBLANDARFORSKAR I NIDAROS

*Nikolina i Botna snakka ikke udanna
østnorsk, men Målskuta og Riksmåls-
skibet har kurs mot Sandhølet*

**KOSE DYKKEN DYKKEN
I VENNESLA?**

SPRÅKLIG SAMLING

Redaksjon: Arne Torp (ansv.),
Helge Gundersen, Pål Styrk
Hansen, André Karlsen og
Harald Støren

Bladpengar: 110,- pr. år.

Adressa til laget og bladet:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo
Postgiro 0803 5163787

Utgitt av:
LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Leiar: Helge Gundersen
Svalev. 4
1182 Oslo

Medlemspengar (inkluderer bladpengar):

Kr. 125,- pr. år;
for skoleelevar, studentar og pensjonistar:
Kr. 75,- pr. år.

Redaksjonelt

Det er ikke bare de store elvene på Østlandet som går stride i år; som abonnentene forhåpentligvis har merka, så har nummera av Språklig samling også fått mer fart på seg i det siste. Nå er det nok likevel ikke akkurat fare for noen storflom fra LSS; som dere ser, er også dette nummeret sterkere prega av den ansvarlige redaktørens klo enn godt er. Dette skyldes ikke *bare* overdreven skrivekløe fra hans side, men også relativt beskjeden stofftilgang fra andre. Utover høsten er det nok derfor mer fare for tørke enn flom i våre spalter. Redaktøren vil derfor gjenta oppfordringa fra nr. 3-4 1994 om å sende inn aktuelt stoff.

Innholdet denne gangen kan vel karakteriseres som lett blanding. Den første artikkelen med den kryptiske overskrifta «Gode møtelyd!», er som dere vil se i grunnen ikke tenkt som lesetekst i det hele, og bør nok kanskje heller betraktes mer som et sjangerekspertiment enn som en vanlig tidskriftartikkel.

Videre vil dere finne et *svar* fra Ingar Arnøy til redaktøren (som for øvrig ikke hadde spurt om noe som helst), og redaktøren tillater seg da i tråd med

vanlig redaktør(u)skikk å svare på svaret.

Noe som bør kunne lette litt på den muligens noe mismodige sinnsstemning Arnøy og hans méningsfeller kan geråde uti ved å lese redaktørens svar på Arnøys svar, er Astri Jortveit Horns målrappor fra industribygda Vennesla, der de unge slett ikke ligger flate for bymålet i Kristiansand, men «gjeng» sine egne veger i målvegen.

Verre blir det nok når redaktøren ruller opp en del av all den stygge dommen vi ofte møter i dagen's norske SkriftSpråk. Men også her fins det lyspunkter: professor Kåre Lunden, som fikk Norsk språkråds pris for god norsk sakprosa i år, forteller at han prøver å ordlegge seg som småbrukerkona Nikolina i Botna når han skriver. Kanskje enkelte av kollegaene til Lunden burde følge hans eksempel...

Så vil redaktøren ønske alle Språklig samlings lese fortsatt god sommer. Og skulle noen få ubenig skrivekløe i det som måtte være igjen av ferien, eller seinere, så er som sagt våre spalter åpne for debatt og synspunkter om det meste som dreier seg om språk.

Styret i LSS 1994–95

Sentralstyret

Helge Gundersen, leder
Pål Styrk Hansen, nestleder
André Karlsen, sekretær
Eric Papazian, kasserer
Harald Støren, styremedlem
Ivar Hundvin, styremedlem
Ruth Vatvedt Fjeld, styremedlem
Arne Torp, varamedlem
Thomas Hoel, varamedlem
Torun Gulliksen, varamedlem

Landsstyret

Magne Aksnes
Gulbrand Alhaug
Einar Flydal
Arne Kjell Foldvik
Ernst Håkon Jahr
Svein Lie
Åshild Rykkja
Helge Sandøy
Knut Western
Geirr Wiggen

Varamedlemmer til landsstyret

Rolf Theil Endresen
Johs. Fosså
Anne-Ma Grønlie
Eskil Hanssen
Thomas Refsdal
Thore A. Roksvold
Egil Røssaak
Rakel Seweriin
Jon Vidar
Lars S. Vikør

Redaktør: Arne Torp
Revisor: Johs. Fosså

Gode møtelyd!¹

Når eg no skal snakke om ordtilfanget i nynorsk etter at kloke folk har sete her i nærmare to dagar og diskutert dette og andre nærskyld spørsmål, har eg hug til å sitere min kjære kollega *Helge Sandøy*, som ordla seg slik i eitt av dei siste nummera av bladet *Språklig samling*: «I diskusjonen om ordtilfanget i nynorsk er det vanskeleg å finne heilt nye argument. Mange av dei gamle argumenta går i reprise.».² Etter det som har vore sagt her i går og i dag, har det sjølv sagt ikkje vorte lettare. Dersom eg skulle dra den fulle konsekvensen av denne innsikta, burde eg vel derfor kanskje setje meg med det same for å ikkje trøyte møtelyden med å kjøre endå ei reprise, men det er nok litt seint å tenkje på jo, ettersom eg alt for lenge sidan har sagt ja til å halde eit innlegg her i dag. Men sidan ein klok mann som Helge Sandøy meiner det meste alt er sagt om dette emnet, har eg ikkje tenkt å snakke så veldig konkret om dei og dei orda her. Derimot kunne eg tenkje meg å følgje det rådet Språkrådet fekk frå den same Sandøy i slutten av ein annan artikkel om det same emnet i det same bladet: «Eg sit att med ei kjensle av at Språkrådet må starte på nullpunktet att og spørje: Kva er målet med nynorsken?».³

Dei fleste i denne forsamlinga er truleg klar over at eg jamt over er samd med redaksjonen i det bladet eg nyss siterte, og når de veit dét, er det vel heller ikkje så mange som blir sjokkerte når eg fortel at det *eg* vil med nynorsken, er å få han avskaffa — saman med bokmålet. Dette var jo elles også det synet som var offisiell norsk språkpolitikk til ei god stund etter at eg vart vaksen. Her kan eg altså heller ikkje servere noko revolusjonerande nytt — det blir i beste fall gammal graut boren fram av ein halv-gammal matsvein.

Ein måte å piffe opp både mat og drikk og andre varer på er som kjent å skifte servise eller lage ny innpakning — eller som det heiter i den heilage skrifta: å helle *gammal vin i nye sekker*. Innanfor den språkpolitiske rørla eg soknar til, har det lenge vore ein populær sport å finne gode og råkande bilete for å gje uttrykk for den språkutviklinga ein ønskte. Metaforikken hos pionerane spenner i alle fall frå mellomeuropeisk ingeniørkunst til straumtilhøva i norske vassdrag: Min gamle sambygding Knud Knudsen snakka i 1886 om arbeidarane i St. Gotthardtunnelen som ein gong skulle møtast «i sejer anlet til anlet», medan Moltke Moe 23 år seinare tala om det bregrøne vatnet frå Otta som blandar seg med det klåre vatnet frå Lågen når dei to elvane møtest slik at heile vassdraget etterpå «har skiftet lett, tat en lysere, grønlig farve.»

Her i dag har eg tenkt å våge meg utpå med ein maritim metaforikk. Det er slett ikkje farefritt, for som innlands-sørlending er eg alt anna enn sjøkyndig. Forlis er derfor

ikkje utenkjeleg. Men «seiler jeg endog min skute på grunn, så var det dog deilig å fare», som det heiter hos faðer Ibsen, den store sitatfabrikanten.

Eg vil altså snakke litt om *Målskuta* og *Riksmålsskipet* og korleis dei har vore rigga og navigerte fram til i dag og kursen vidare fram. Riksmålsskipet nådde som kjent norskekysten i 1907, og har i dei seinare åra stort sett lege til ankers i Frognerkilen, i alle fall er det der ein del av mannskapet prøver å halde fartøyet i dag.

Då Ivar Aasen i si tid sjøsette Landsmålsskuta, hadde han nok tenkt at ho skulle kunne ta seg fram over alt i landet, til liks med skipet i eventyret som gjekk både på sjø og land og i lufta. I røynda har nok Målskuta likevel funne seg best til rette i fjordane vestpå, og ferda aust over fjellet, som ein for alvor la ut på i 1917, har etter sommes meining ført til altfor mange grunnstøytingar — som rimeleg kan vere i slikt farvatn. Dei meiner derfor at bord og spant no ikkje toler meir av den slags segling, og dei vil derfor heller stemne beint ut i *Norskehavet* — med Gustav Indrebø som styrmann. «For fulle segl den rette lei, til Frognerkilen vil me ei», er deira sjanti.

Det er først og fremst ein del ferdalystne yngre menneske som har mot til å leggje ut på denne heller vågale havsferda. Dei har jamvel grave fram eit gammalt draft som i si tid vart teikna av ein augnelækjar frå Bergen, og som visstnok skal kunne vekkje mathugen hos dei som ser på det. Eg trur vel derfor det kanskje høver betre som middel mot anoreksi enn som navigasjonshjelperåd for Målskuta.

Hovudflokkene av målmannskapet er nok skeptiske til norskehavsforda, men dei meiner også at skuta ikkje må drive så langt austetter at offiserane på Riksmålsskipet skal få høve til å gripe kommandoen på Målskuta. Dei meiner derfor at det tryggaste vil vere å fortøye ho i ei logvik vestpå, i trygg avstand frå Frognerkilen.

Endeleg så er det nokre halv- og heilgamle stabeisar som framleis trur at det luraste ein kan gjere er å setje kursem beint inn i Bjørvika og så strekkje ein vaier over til Frognerkilen og prøve å dra Riksmålsskipet rundt Akerhus-neset. Dei som kjenner dei lokale tilhøva inst i Oslofjorden, meiner likevel at dette er halslaus gjerning.

Målskuta kan altså lite gjere her — Riksmålsskipet let seg nok knapt rikke frå kilen sin jamvel om den vesle målskuta dreg av alle krefter i vaieren sin. Derimot er det noko som ingen språkbåt kan stå seg mot i lengda, og det er den mektige *Talemålsstraumen*. Det går nok an å kaste ut drivanker som sprogleie eller målrøkt, purisme eller målreinsing, og dei seinkar farten ei tid, men før eller seinare vinn nok Talemålsstraumen, det er i alle fall mi faste overtyding. Spørsmålet er så i kva lei denne straumen renn

i dag. Her er eg heller ikkje i tvil, i alle fall når det gjeld den landsdelen me er samla i her — straumdraget er mykje sterkare mot Bjørvika enn mot Frognerkilen, som er meir for ei bakevje å rekne. Dette har sikkert å gjere med det at ein del av kjeldene til Talemålsstraumen held på å turke inn, medan andre har vakse seg sterkare. I dei seinare åra har det såleis vore ein fæl tørke oppe i åsane vest for byen — det veit eg av eiga røynsle fordi eg sjølv bur i det stroket — og dermed har den såkalla *Dannetelven* vorte berre ei lita blå-bleik spræne som så vidt tyt ut i Frognerkilen, medan *Folkelågen*, som har mykje større nedslagsfelt, renn brei og svær mot Bjørvika. Men det mest forunderlege er dét at i dei seinare åra har desse to vassdraga også flote meir og meir i hop, om lag slik som Moltke Moe skildra åmotet mellom Otta og Lågen, og no munnar dei begge to ut like vest for Bjørvika. Eg er derfor også overtydd om at Riksmålsskibet heller snart vil ta til å sige meir og meir austetter.

Slik eg ser det, bør Målskuta også før eller seinare setje kursen mot Bjørvika, slik at Målskuta og Riksmålsskibet med tida kan støypast i hop til ein smekker katamaran, der eit samnorsk mannskap vil kunne kjenne seg heime ombord. Men dette er ikkje gjort på ein dag. Dersom ein legg om kursen for brått, kan dessutan skuta velte, og dermed risikerer ein at alle på Målskuta kravlar over på Riksmålsskibet, og det er i alle fall ikkje målmannskapet tent med. «Gradvishetens, ikke bråhastens vej», sa gamle Knud Knudsen, og det kan høve her òg.

Både norskehavssegling og oppankring meiner eg alt-så er därleg sjømannsskap for Målskuta i vår tid. Dette kan me sjå vitnemål om også i hendingar ute i verda i dei siste åra:

Første døme: For nokre få år sidan vart som kjent to mellomeuropeiske statsskuter støypte saman, men etter sameininga var det ikkje stort att av den minste av desse, endå ho til synes hadde segla svært så kjekt i dei førti åra toktet varte. Det trur eg ikkje det blir av Målskuta heller om ho stikk for langt til Norskehavs...

Men no merkar eg at resonnementet mitt utviklar seg slik at det snart kan tolkast som eit ja-innlegg i EU-debatten⁴, og dermed risikerer eg sjølv sagt å få alle nei-folk på nakken attå alle dei som ikkje likar samnorsk, og dermed er det kanskje like godt å gje heile skutemetaforen på båten og seie nokre ord i klartekst til slutt.

Ordtifanget i nynorsk er eit vanskeleg spørsmål. Problemet slik eg og vonleg mange med meg ser det, er først og fremst av stilistisk art. Dersom ikkje Aasen og læresveinane hans i si tid hadde valt å stengje ute *anbeheitelse*-orda frå landsmålet, hadde desse orda truleg ikkje vorte noko problem — som alle veit, har jo ei mengd av dei levd og hatt gode dagar i norsk folkemål i hundrevis av år. Men i og med at Aasen vraka desse orda, vart det etablert ei stilkjensle innanfor nynorsk som gjer at slike ord ikkje er velsedde der. Dette kan ein like eller mislike

— sjølv misliker eg det intenst — men stilkjensle er til liks med andre språkvanar slikt som ikkje kan endrast totalt med eitt slag — eg òg kjenner klart at desse orda ikkje høver inn i den nynorske skriftmålskjensla eg har opparbeidd gjennom ein god del av det vaksne livet mitt, jamvel om eg utan vidare bruker dei både når eg snakkar mitt naturlege talemål og når eg skriv bokmål. Og eg kjenner det også ikkje så reint sjeldan som ei hindring at eg ikkje har lov til å bruke desse orda når eg skriv nynorsk — at eg må sitje der og grave fram puristiske ord som ligg langt frå talemålet mitt, eller endå verre, finne på «om-skrivingar» for forbodne ord.

Når eg som profesjonell språkbrukar av og til kjenner det slik, korleis må det ikkje då vere for dei stakkarane som sit rundt i skolestovene og skal skrive sidemål — eller jamvel hovudmål? Eller for lærarane deira, som må fortelje dei at talemålet deira er godt nok på mange vis, men ikkje når det gjeld ordtilfanget? Eg kjenner lærarar som meiner at hovudproblem med nynorsken ikkje er böyingsformene, men nettopp orda — dei meiner det er purismen meir enn noko anna som får nynorsken til å stå fram som eit «kunstig» (for ikkje å seie *konstig*) språk og som får ganske mange skolelevar som har hatt nynorsk hovudmål i grunnskolen til å vende seg bort frå målet når dei får høve til å velje ved overgangen til vidaregåande skole.

No høyrer eg innvendinga om at dersom ein gjer nynorsk og bokmål altfor like, så veit elevane snart ikkje skilnad, for det meste er lov, men likevel ikkje alt, og derfor meiner andre det er best å halde seg til dei mest tradisjonelle formene og orda, slik at elevane ikkje «blandar» — dei gjer seg med andre ord til talsmenn for det eg kallar språkleg apartheid. For meg som samnorskmann finst det kanskje større ulykker enn litt ekstra «osmose» mellom målformene, men eg må vedgå at prosessen nok stort sett går berre den eine vegen, slik at det blir bokmålsinnslag i nynorsken; det motsette er heller sjeldsynt, visstnok jamvel der nynorsk er hovudmål. Men bokmålpåverknad trur eg knapt ein slepp unna i nynorsken, same kva ein gjer med han — rett og slett fordi nynorsken er minoritetsmålet.

No er det sikkert somme av dykk som meiner at eg seier det eg seier fordi eg som samnorskmann gjerne såg at nynorsken gjekk ad undas i morgen, men det er slett ikkje tilfellet. Jamvel om eg ser for meg ei framtid med berre eitt skriftmål her i landet, og jamvel om eg ikkje trur det målet vil vere identisk med den nynorsken me kjenner i dag, så meiner eg likevel nynorsk framleis fyller ei oppgåve, nemleg å vere eit reelt alternativ til det konsernative bokmålet, som elles lett ville kunne dominert endå meir enn det faktisk gjer i dag. Så lenge nynorsken finst, vil folk kunne sjå at det faktisk er mogleg å skrive ein annleis norsk enn den som er brukt i Aftenposten. Og at denne andre måten faktisk kan vere meir talemålsnær for dei aller fleste — jamvel for mange som sjølve kanskje trur dei snakkar bokmål — fordi nynorsken byggjer

på seiemåten i norsk folkemål, som det gjerne heiter. Men denne nærleiken til talemålet vil berre gjelde setningsbygnaden — syntaksen — ikkje ordtilfanget, dersom nynorsken skal vere så “rein” som dei mest ortodokse, for ikkje å seie fundamentalistiske, vil ha han. Etter mi mening vil ein “moderat” nynorsk både ha best sjanse til å halde lengst ut i tevlinga med det konservative bokmålet, og vere den målforma som vil vere best eigna til å dra framtidsnorsken — eller samnorsken, om du vil — i norsk lei, som nasjonalistane gjerne seier. Og det har heller ikkje eg det minste imot!

¹ Dette er ei ordrett attgjeving av eit føredrag eg heldt som invitert innleiar på eit arbeidsmøte for nynorskseksjonen i Norsk språkråd 11.-12. oktober 1994 på Gran. Jardar Eggesbø Abrahamsen innleidde òg om det same emnet på dette møtet; tanken var at me to skulle representere to ulike syn på ordtilfaget i nynorsk. Abrahamsens føredrag er trykt i EG nr. 6 1994 og i *Vestmannen* nr. 3 1995. Alle innleiingane frå arbeidsmøtet på Gran er no elles gjevne ut samla i heftet *Norma i nynorsk-Debatt – Norsk språkråds skrifter* nr. 2, Oslo 1995.

² *Språklig Samling* nr. 1-1994 s. 10

³ *Språklig Samling* nr. 3-1993 s. 21

⁴ Merk at innlegget vart halde før 28. nov. 1994!

Ingar Arnøy:

Svar til Arne Torp

I “Språklig Samling” nr. 2/94 skriv Arne Torp ein leiarlegg om talemålsutvikling, både den røynlege og om ynskt utvikling. Jamvel om Torp ynskjer å skilja millom seg sjølv som privatperson og “oss som språkfolk” (= språkforskarar), veit Torp like godt som andre at spørsmålet om **korleis** og **kvifor** språket endrar seg, fær svar som mykje godt er merkte av kva språkutvikling me ynskjer — som privatpersonar. Når Torp nyttar “østlandisering” som nemning på former som “har en tendens til å slå gjennom også i andre landsdeler”, vil underteikna kalla dette **bokmålisering**. Døme: Når ungdomen i Fauske byrjar seia ‘ikke’ i staden for ‘ikkje’, er det ikkje vandt å sjå kva denne “utviklinga” byggjer på. (Kvifor seier ikkje Fauskeungdomen ‘itte’ — òg ei austnorsk form?) Når ungdomen på Gol (Austlandet) byrjar seia ‘jeg’ i staden for ‘e’ — er dette “østlandisering”? “Hvordan ska æ spill dette”, seier Nidarosungdomen; ei uungåeleg “østlandisering”?

Det ideologiske grunnlaget for denne nemningsbruken til Torp er samla i omgrepet “udanna østnorsk”. Kor danna er hallingmålet? Udanna står i motsetnad til danna mål. Kva er so det danna målet, om ikkje bokmål? “Udanna østnorsk” er soleis bokmål krydra med ein og annan vokal frå talemålet å “den lavere Pøbel i de mere bedærveide egne”. Det einaste som gjev “udanna østnorsk” sosial prestisje er nett at det ættar beinveges frå danna mål — bokmål. Utan denne skyldnaden vore Torps framtidsmål inkje. Altso er Torps framtidsmål negativt bunde til det målet Torp ikkje ynskjer.

Det er lett å sjå at Torp ikkje ynskjer eit norsk framtidsmål tufta på dei samlande draga i norsk talemål. Torp slepp katten or sekken når han skriv: “Noen av oss er riktignok dialektromantikere i vårt innerste lønnkammer og synes det er ille at alle de gamle fine målføra blir utvanna, som det heter, men med **den rasjonelle delen** av hjernen vår forstår vi at samfunnsutviklinga i vår tid **nærmest med nødvendighet** må føre til ei slik utvikling” (mi uth.). Slik talar ein som vil vera **med** tidsstraumen. Det er ikkje so reint lite av eit

kunststykke å kalla ei utvikling for naudsynleg. Ei større bragd er det å kalla total underkasting av ei sovoren “utvikling” for rasjonell. Einsrettinga i norsk talemål ligg framom oss — me takkar og bukkar. At denne einsrettinga, motsett av det Torp hevdar, i svært mykje samsvarar med bokmål, er ufråkomeleg. Politisk vilje finst ikkje. Alt medvite arbeid for ei onnor utvikling er romantikk.

Tidlegare spreidde dei statsløna målblandarforskarane om seg med honnørordet folkemål, dei studde dialektreisinga og var jamvel drivande i henne (sume var òg med i aktivt skulemålsarbeid — for nynorsk). No fortel Torp oss at det slett ikkje er målføra i by og bygd som bør leggja grunnen for eit norsk skriftmål, men likningsattesten. Tru kva Torp ville meina om “Folk i de mere bevingede Egne” byrja seia alle bila, åssen, kasta og skrivi — kva skulle då vorte “udanna østnorsk”?

Arne Torp er ærleg nok til å skriva at han ikkje ser nokor mening i å byggja eit landsfemnande skriftmål, eit nasjonalmål i tydinga samlande for og tufta på alle målføre. Dei dana borgarane har i fleire hundreår påtvinga oss eit framandt mål. Dette målet, med sume “vulgære” (som er eit anna ord for **norske**) avvik, er framtidsmålet. Slik talar ein rasjonell. Og slik talar ein måltynar. Same kor målvenleg og radikal etikett han legg på seg sjølv.

Torp viser betre enn andre har greidt før; at idéen om “samnorsk” ikkje er anna enn ein freistnad på å berga det som bergast kan av unorsk mål — som ein reaksjon på den nynorske målreisinga. Torp tek i miss når han trur at riks-målsforeningen er sure over dagens språkutvikling. Riks-målsfolket sit i godstolen og gjer inkje — “utviklinga” går deira (og Torps) veg. Staten og deira ærendsmenn (Torp og vitskapslauget) lagar ideologi for den same utviklinga. Kvi skulle Tor Gutta hengja med nebbet?

Den norske målstoda inneheld ikkje flust med alternativ. Anten står ein den norske målreisinga, eller so står ein hi utviklinga — slik Riks-målsforeningen og Arne Torp gjer.

Arne Torp:

Svar til Ingår Arnøy frå ein statsløna mål blandarforskar

Det er alltid hyggeleg å oppleve at folk bryr seg om å kommentere det ein skriv — ingen lagnad er verre for ein bladskrivare enn å bli tagd i hel. At ikkje alle støtt er samde i det ein skriv, er sjølv sagt — det er i alle fall samnorskfolk vel vane med.

Dei «sinte unge mennene» — og kvinnene — i målrørsla har lenge hatt oss gubbane i LSS som si yndlings skyteskive, som rimelig kan vere. Me som ikkje utan vidare innser at dansk og bokmål er fyord på reint prinsipielt grunnlag, må sjølv sagt verke sterkt provoserande på dei som først og fremst er opptekne av å reindyrke «den tjodlege særhatten», som det heiter på høgnorsk.

Personleg har eg elles ikkje det minste imot det målreisingsarbeidet som «nyromantikarane» innanfor målrørsla driv; eg veit der ligg mykje idealisme og eldhug attom det. Men spør du meg om eg trur det er realistisk, blir svaret avgjort nei. Eit talande døme i så måte er Arnøyas merknad om «Nidaros-ungdomen». I telefonkatalogen for Trøndelag finn ein m.a. organisasjonen *Nidaros MC-Klubb*, og dersom det er medlemmene i denne klubben Arnøy tenkjer på, er vel nemningsbruken i og for seg grei nok. Eg har likevel ein stygg mistanke om at det nok ikkje er spesielt denne gruppa Arnøy siktat til, men rett og slett *folk flest* i den byen som på det lokale folkemålet heiter «Trønnheim», og meir offisielt «Trånnheim».

Dei ymse namna på denne byen kan forresten tene som ein framifrå illustrasjon på kor innfløkt tilhøvet kan vere mellom folkemål og «bokmål». Det er jo opplagt at den moderne folkelege forma av dette namnet går attende på den danske skriftforma *Trondhjem*, og at den moderne offisielle skriftforma *Trondheim* er ei rimeleg fornorsking av denne. Like klart er det også at *Nidaros* i dag er ei rein skriftform som ikkje kan ha vore naturleg talemål nokon stad her i landet sidan mellomalderen. Men somme synest visst likevel dette intellektuelle påfunnet er meir «folkeleg» enn den halvdanske bymålsforma...

Etter mitt syn er det slett ikkje slik at dersom noe er bokmål, så kan det ikkje samtidig også vere folkemål. At dette er sant i reint bokstavleg forstand, er sjølv sagt alle klar over; svært mykje er jo utan vidare likt i alle skandinaviske språk, og då visst i dei to norske målformene, og i norske dialektar. Det er jo dette banale faktum som er grunnen til at me kan kommunisere relativt knirkefritt med kvarandre på våre respektive morsmål over heile Skandinavia.

Personleg hadde eg heller ikkje sett det som noka ulykke om me hadde hatt eitt sams skandinavisk skriftmål —

tvertimot — men eg innser at språkleg samling i Skandinavia truleg er like lite realistisk i dag som t.d. å arbeide for å innføre Nidaros som offisielt namn på den største byen i Trøndelag. Derimot trur eg framleis på språkleg samling i vårt land, men knapt nok «før Aarhundredet nedrødmer», for å sitere Wergeland.

At det foragelege norsk-danske bokmålet i si tala form vil bli eitt element i denne framtidsnorsken, er etter mitt syn opplagt, og så vidt eg forstår, deler Arnøy også langt på veg dette synet, jamvel om han snakkar om «politisk vilje» og «medvite arbeid for ei onnor utvikling.»

Det er når me kjem til dette punktet at Arnøy og eg går skilde vegar. Arnøy omtalar dansken som «eit framandt mål» som blei påtvinga oss av «dei dana borgarane». Som det går fram av det eg nett har sagt om målet i Skandinavia, meiner eg det absolutt kan diskuterast om dansken i utgangspunktet bør kallast eit *framandt* mål i Norge — i så fall bør nok også t.d. høgtysken reknast som eit framandt mål i Nordtyskland. For det andre — og det er endå viktigare — er det også eit spørsmål kor lenge historisk sett danske språkdrag skal reknast som danske. For å nenne konkrete døme: Det er ikkje tvil om at ordformer som *hjem* og *uke* har dansk opphav, men den som vil gi ei fullstendig skildring av det språket som blir tala og skrive her i landet i dag, ville gjere ei grov unnlatingssynd ved å undersla slike former fordi dei er «danske».

Det målet me i LSS samling vil ha, er eit *folkeleg* skriftmål, same kva historisk opphav dei einskilde orda og formene måtte ha. Eit skriftmål som i store drag baserer seg på det talemålet eg har tillate meg å kalle udanna austnorsk, meiner eg er den sammorske målforma det er mest realistisk å tenkje seg i dag, eller — for å seie det meir forsiktig — *minst* unrealistisk. At udanna austnorsk ikke er eit ideelt demokratisk grunnlag når ein ser landet under eitt, er eg fullt på det reine med, men eg ser heller ingen annan realistisk folkeleg talemålsbasis.

Derimot skjønar eg ikkje i det heile kva Arnøy meiner når han framstiller det som eit problem dersom «Folk i de mere bevingede Egne»[?] byrja seia alle bila, åssen, kasta og skrivi». Ingenting ville då vore meir kjærkomme enn om slike folkemålsformer hadde slått gjennom på Frogner og i Ullernåsen. I LSS ser me det i alle fall ikkje som noka ulykke dersom opphavleg folkelege former vinn over dei dansk-norske — og etter mitt syn burde Arnøy ha endå mindre grunn til å sorgje over det — slike former kan i alle fall ikkje kallast «bokmålisering».

Astri Jortveit Horn:

«Mi æ stolte a dialekten våres»

Denne setningen gikk igjen hos flere av elevene på Vennesla videregående skole da jeg intervjuet dem under arbeidet med hovedfagsoppgava mi for to år siden. Utgangspunktet for arbeidet mitt var å finne ut i hvilken grad talemålet til folk i industribygda Vennesla blir påvirket av Kristiansands-målet. Ettersom Vennesla sentrum ligger bare 17 km. fra Kristiansand, kommer venndøler (så kalles innbyggerne i Vennesla) og kristiansandere ofte i kontakt med hverandre på ulike måter. Når vi vet at en rekke språklig undersøkelser har vist at særegne dialekttrekk i vår tid ofte viker for bymålsformer, venta jeg langt på vei å finne en lignende tendens i Vennesla-målet, særlig blant de yngste. Undersøkelsen min viste likevel at venneslamål bare i svært liten grad har blitt påvirket av kristiansandsmålet.

Litt om min egen bakgrunn for arbeidet

Sjøl har jeg aldri bodd i Vennesla, men jeg har likevel et nært personlig forhold til bygda og til dialekten der. Begge foreldrene mine er fra Vennesla, så venneslamålet har jeg fått inn «med morsmelka.» Vi snakka alltid vennesladialekt hjemme (i Grimstad), og i oppveksten tilbrakte jeg utallige ferier i Vennesla sammen med tanter, onkler, fettere og kusiner. Dette bidro til at vennesladialekten holdt seg levende hos meg — og gjør det fremdeles. Det at jeg både er godt kjent i bygda og snakker venneslamål «som en innfødt» opplevde jeg som en stor fordel under arbeidet, ikke minst i intervjufasen.

Informantene og intervju situasjonen

Før jeg begynte å skrive, valgte jeg ut 36 informanter som var jevnt fordelt på tre aldersgrupper (den yngste informanten var 16 år, og den eldste var 84). Alle informantene hadde bodd stort sett hele livet i Vennesla. Det var like mange kvinner som menn med i undersøkelsen, og informantene kom fra ulike deler av bygda. Jeg gikk nemlig ut fra at de informantene som bodde nærmest Kristiansand, ville bruke flere bymålsformer enn de som bodde lenger fra byen. Ut fra talemålsundersøkelser som har blitt gjort tidligere, venta jeg også at de yngste informantene ville ta opp flere bymålstrekk i talen sin enn de eldre. Da jeg arbeidet med oppgava, bestemte jeg meg for å intervju de 36 informantene i en så uformell situasjon som mulig. Derfor la jeg vinn på å skape en avslappa og hyggelig atmosfære rundt opptaka. Informantene i den yngste aldersgruppa ble intervjuet to og to på den videregående skolen i Vennesla. De andre intervjuet jeg heime hos hver enkelt informant (kaffien sto alltid klar når jeg kom!). Før jeg tok til med intervjuet, snakka informanten og jeg ei stund om løst og fast for å komme «på gli.» Denne fasen brukte jeg naturligvis litt lengre tid på hos de informantene jeg ikke kjente på forhånd. Hvert intervju varte om lag 20 minutter, og jeg prøvde å spore informantene inn på emner de selv var opptatt av. Jeg fikk høre om mangt og mye fra elgjakt til russefeiring. Jeg

prøvde også å få informantene til å gi uttrykk for hvordan de ser på dialekten sin. Samtidig bad jeg dem si litt om hvordan de sjøl mener at de snakker når de er sammen med kristiansandere. Mange syntes tydeligvis at dette var et svært interessant tema, mens andre ikke hadde så mye å si på dette punktet. I tillegg til det frie intervjuet gjorde jeg et lite spørreskjema intervju med hver informant. Jeg hadde lyst til å høre hvordan informantene uttalte ord som ikke alltid kommer fram i løpet av en fri samtale på 20-30 minutter. Informantene fikk ikke sjøl se spørreskjemaet. For å få en så spontan uttale som mulig, viste jeg fram bilder eller stilte spørsmål hvor det var mulig å gi flere svar enn bare det ene ordet jeg var ute etter.

Venneslamålet og kristiansandsmålet

Tidligere ble ofte venndølene stempla som «bønder» når de kom til byen. Venneslamålet blei av mange kristiansandere sett på som udanna og stygt. Olav Jortveit, som er en flittig skribent i Vennesla Historielags skrift, skriver i en artikkel fra 1986 at mange venndøler tidligere ikke torde bruke målet sitt fullt og heilt når de var i «Byen». De snakka da et knotemål som skulle klinge bedre i kristiansandernes ører. Dette blandingsmålet blei av venndølene kalt for «bynsk». En av de eldre mannlige informantene mine forteller at han arbeidet i Kristiansand som ung, og at noen kristiansandere på arbeidsplassen gjorde svært mye narr av dialekten hans. Dette syntes han blei svært så ubehagelig etter hvert, men han sier at det førte til at han fra da av snakka enda mer «reinspikka» vennesladialekt enn før. En kvinnelig informant i den eldre gruppa forteller at hun som ung fikk høre av ei kristiansandsdame på arbeidsplassen at hun burde snakke mer likt folk i byen for å virke danna nok. Også de yngste informantene mine forteller at kristiansandsungdommen til tider skjemter med dialekten deres, men de mener sjøl at dette bare er harmlös skjemi, og de sier de er stolte av dialekten sin.

Før vi går inn på det som skiller venneslamålet fra kristiansandsmålet, bør det nevnes at de to målførene tross alt er like på noen punkt. Begge dialektene har f.eks «skar-

re-r» og «blaude konsonanter». Dessuten er de «e-mål» (dvs at infinitiv som *å vise* og hunkjønnsord som *ei vise* ender på «e»). I substantivbøyingen har begge måla «-a» i bestemt form entall av alle hunkjønnsord (*bygda, jenta*) og dessuten «-ane» i bestemt form flertall av alle substantiv (*hestane, bygdane, jentane, husane*).

På den andre siden finner vi også mange forskjeller mellom de to måla. Det «vanlige» folk nok først legger merke til, er det særegne tonefallet som vennesladialekten har. De trekka jeg har undersøkt, dreier seg imidlertid om enkelte ord- og bøyingsformer i de to dialektene. Dette er noen av de trekka jeg undersøkte:

1. Forskjeller i rotvokalen Under dette punktet undersøkte jeg sju ordgrupper. Her kan nevnes ord der venneslamålet har «å» mens kristiansandsmålet har «o»; f.eks. venneslaformene «båg», «kåge», «kråg» og «råbe» mot de tilsvarende kristiansandsformene «bog», «koge», «krog» og «robe».

2. Forskjeller i konsonantismen Her kan nevnes ord der venneslamålet har «st» og kristiansandsmålet «rst»; f.eks. har venneslamålet formene «fyst/føst», «tyst/tøst», mens de tilsvarende kristiansandsformene er «først», «tørst» og «størst».

3. Omlyd eller ikke i presens av sterke verb

Venneslamålet har prinsipielt omlyd i presens av sterke verb (f.eks. «kjæme» og «jænge»), mens kristiansandsmålet har uomlydde presensformer («kommer» og «går»).

4. Flertall av substantiv og presens av verb

Venneslamålet har «e» i disse kategoriene (f.eks. «jente» og «kjenne»), mens kristiansandsdialekten har «-er» («jenter» og «kjenner»).

Kristiansandsmålets påvirkning på venneslamålet — forholdet mellom yngre og eldre mål

Undersøkelsen min viser at samtlige informanter holder svært godt på dialekten sin når det gjelder presensformene av både sterke og svake verb og flertallsformene av substantiv. De unge er ikke noe unntak her. I den yngste aldersgruppa finner vi bare to bymålsformer innafor disse kategoriene, og det totale antallet eksempler er på godt over 800 i denne aldersgruppa. Faktisk er det hos de eldre en finner flest innslag av bymålsformer på disse punktene. I den eldste aldersgruppa finner vi fjorten bymålsformer, men over halvparten av disse blir brukt av én enkelt informant. Dette er en bonde som hele sitt voksne liv har vært svært aktiv innen det politiske og religiøse livet i Vennesla, og som dessuten har vært noen år på Stortinget. Av sambygginger får han attest for å snakke «skikkelig» vennesladialekt. Når han snakker seg varm om særskilte hendelser fra den tida han var mest aktiv som både som politiker og andaktsholder, har han likevel innslag av bymålsformer i talen sin. Disse avvika fra det «reine» venneslamålet kan trolig også komme av påvirkning fra skriftmål eller normert talemål, som blir brukt av de

flest politikere og forkynnere. Når denne mannen snakker om livet på gården og i bygda, har han derimot ikke et eneste innslag av kristiansandsformer. Vi ser her hvordan samtaleemnet og assosiasjonene som knytter seg til det, kan virke inn på hvilke språkformer informanten velger.

Når det gjelder *ordformer* (se punkt 1 og 2 ovenfor), er det derimot de yngste informantene som har flest innslag av bymålsformer, mens informantene i den eldste aldersgruppa er de som holder best på venneslamålet på dette punktet. De yngste informantene har sammenlagt ca 30% kristiansandsformer, mens de eldre bare har 4,5% slike former. Informantene i mellomgenerasjonen (mellom 20 og 60 år) har heller ikke så mange flere, med 6,7% bymålsformer. De bymålsformene som griper mest om seg i vennesladialekten, er «bog» («båg» i venneslamålet) og «såmmer» («sommer» (med *o* som i *rom*) i venneslamålet). De ordformene som holder seg best i bygdemålet, er «då», «frå», «bu», «tru» og «skule» (der bymålet har «da», «fra», «bo», «tro» og «skole»).

Så langt kan en altså slå fast at de yngste informantene har brukt flere bymålsformer enn de eldre. Som vi har sett, gjelder dette likevel bare enkelte ordformer der venneslamålet og kristiansandsmålet skiller seg fra hverandre ved en enkelt vokal eller konsonant. Når det gjelder de grammatiske formene jeg har undersøkt, finner vi bare noen få og svært spredde innslag av bymål. Bygdemålsformer som «kjæme» og «jænge» er derfor så godt som enerådende i venneslamålet, også hos de yngste. Jeg kommer derfor ikke mer inn på slike former i det neste avsnittet mitt, i og med at de fleste informantene snakker «rein» vennesladialekt på disse punkta. Det er derfor bare de ulike ordformene (som jeg har nevnt under punkt 1 og 2 ovenfor) jeg kommer til å kommentere, ettersom det er på dette området informantene bruker flest bymålsformer.

Språklig variasjon innafor bygda

Mange språklige undersøkelser har vist at kvinner ofte har vært tidligere ute enn menn når det gjelder å ta opp standardmålsformer og/eller bymålsformer i talen sin. De har ofte fungert som såkalte «språkmisjonærer» i bygdemiljøet. De siste åra har ulike språklige undersøkelser vist at forskjellene mellom menns og kvinners språkbruk blir stadig mer utviska. Det viser også undersøkelsen min. Til sammen har mennene 11,0 % bymålsformer, mens kvinnene har 11,9% slike former. I den yngste aldersgruppa er det faktisk guttene som tar mest etter bymålet når det gjelder de ulike ordformene som er blitt undersøkt.

Når det gjelder variasjon i talemålet mellom informantene i ulike deler av bygda, viser det seg at det er informantene sør i Vennesla (altså de som bor nærmest Kristiansand) som bruker flest ordformer fra kristiansandsmålet. Informantene fra den sørligste delen av Vennesla har til sammen 18 % bymålsformer, mens informantene fra den nordligste delen av bygda bare har 6

% slike ordformer. Hos informantene fra sentrum ligger antallet kristiansandsformer på 10 %.

Det er bøyingsformene som er hovedsaken

